

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.01.2008
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: **Hilde Christiansen**
Saka gjeld: **VIDAREUTVIKLING AV SPEKTER SIN VEDTAKS- OG FORANKRINGSSTRUKTUR**

Styresak 003/08 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Styremøte 06.02. 2008

Spekter er helseføretaka sin arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon. Valet av Spekter (tidlegare NAVO) var gjort av HOD i 2001 som ein del av reforma.

Spekter er organisert med eit hovudstyre som gir forhandlingsfullmakt for lønnsdanninga i Spekter områda. For Helse er det etablert eit eige, som er eit underutval av hovudstyret, styre for Spekter Helse der dei 4 administrerende direktørane utgjør styret.

I Spekter sin organisasjon er det etablert fleire faglege råd (utval). Inn under helse delen har ein hatt Fagleg Råd Helse. Dette utvalet har vore samansett av HR-direktørar frå alle RHF, samt 1 AD og 1 HR-direktør frå HF-nivå frå alle regionar. Før samanslåinga av Helse Øst og Helse Sør hadde utvalet 15 representantar. Dette utvalet har ikkje fungert tilfredsstillande. Det har m.a. vore svært variabel deltaking frå regionane, både i møta og under forhandlingar.

For å styrke forankringa og tilslutninga til forhandlingsstrategiar som blir vedtatt i Spekter Helse er det gjennomført evaluering av organiseringa innad i Spekter. Det har vore komplisert og krevjande å forankre strategi og gjennomføring av forhandlingsløpa slik dette var meint gjennom Fagleg Råd Helse.

Som eit resultat av ulike prosessar blei det foreslått å gjere endringar i organiseringa innanfor Spekter Helse. Ein treng solide og godt forankra arbeidsgjevarposisjonar, og det var derfor nødvendig å styrke forankringsarbeidet og legge til rette for gjennomføringsevne gjennom heile forhandlingsløpet, både ved dei sentrale lønnsoppgjera og dei lokale lønnsoppgjera.

Underutval Spekter Helse har på bakgrunn av evalueringane vedtatt følgjande:

1. *Faglig Råd Helse blir avvirket, og det blir etablert et strategi- og forhandlingsutvalg.*
2. *Strategi- og forhandlingsutvalget settes sammen av 5 administrerende direktører fra helseforetakene (to fra Helse Sør-Øst, en fra hver av de øvrige helseregionene), med personlige varamedlemmer. Varamedlemmene skal også være administrerende direktører.*
3. *I tillegg inngår de fire HR-direktørane i RHFene i strategi- og forhandlingsutvalget med samme rettigheter som de øvrige medlemmene.*
4. *Møta blir ledet av administrerende direktør i Spekter, eller den som er gitt fullmakt fra administrerende direktør.*
5. *Strategi- og forhandlingsutvalget skal:*
 - *evaluere lønnsoppgjørene i forhold til mål og strategier*
 - *foreslå mål og strategier for lønnsoppgjørene*


- han ansvar for plan for gjennomføring av forhandlingene sentralt og lokalt
 - etablere andre situasjonsbestemte forhandlingsutvalg
 - delta i mekling og ha ansvar for nødvendige beslutninger
6. Beslutninger forutsettes å skje innenfor strategi vedtatt av styrets underutvalg Spekter Helse.
 7. Dersom administrerende direktør i Spekter mener at en flertallsbeslutning i strategi- og forhandlingsutvalget er i strid med vedtatt strategi, vedtatte fullmakter, eller har andre uheldige konsekvenser, kan administrerende direktør i Spekter legge beslutninga frem for styrets underutvalg Spekter Helse.

Det blei lagt til grunn at endringane blir gjennomført med verknad frå 01.01.08

Føretaksgruppa i Helse Vest er representert ved Administrerende direktør Stener Kvinnsland, frå Helse Bergen med stedfortredar Administrerende direktør Johannes Kolnes frå Helse Fonna. I tillegg er føretaksgruppa representert ved personal- og organisasjonsdirektør i Helse Vest. Denne modellen krev at representantane som er deltakarar i strategi- og forhandlingsutvalet sikrar god dialog med dei øvrige helseføretaka, sørgjer for at arbeidsdelinga mellom representantane blir slik at føretaka på likeverdig måte blir viktige aktørar inn i dette arbeidet, og at deltakarane til sist sikrar at føretaksgruppa Helse Vest er tilstrekkelig og godt representert i de ulike forhandlingsprosessar.

Vedlegg: Organisasjonskart Spekter

Organisering - Spekter



Frå Underutval Helse er det alltid ein av dei 4 administrerende direktørane som inngår i styret for Spekter. I tillegg utnemnar Underutval Helse medlemmene til Strategi- og forhandlingsutvalet Spekter Helse.

Det er utarbeidd ein overordna årsplan for Strategi- og forhandlingsutvalet Spekter Helse slik:

